



«Formannskapet tek orienteringa til vitande og oppfordrar adm. til eit møte med dei involverte partane om saker med mål om å avklare eventuell medfinansiering for forpliktande samarbeid».

**Røysting:**

Endringsforslaget vart røysta opp mot tilrådinga:  
Endringsforslaget – samrøystes vedteke

**Vedtak:**

**Formannskapet tek orienteringa til vitande og oppfordrar adm. til eit møte med dei involverte partane om saker med mål om å avklare eventuell medfinansiering for forpliktande samarbeid**

**PS 60/16 Forslag til planprogram for kommuneplanens arealdel- Offentleg ettersyn/høyring**

**Formannskapet si handsaming:**

*Annika Brandal V, kjem attende til møtet, Jenny Helen Korsnes trer frå.*

**7 voterande**

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

- 1. I samsvar med Plan- og bygningslova § 11-13 vert forslag til Planprogram, datert 02.05.2016 sendt på høyring og lagt ut til offentlig ettersyn med høyringsfrist på seks veker.**
- 2. Varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet blir kunngjort og gjort tilgjengeleg i elektronisk media samtidig som utlegging av forslag til Planprogram, jamfør PBL §§ 11-12 og 11-13.**
- 3. Jamfør PBL § 13-1 vert det lagt ned midlertidig forbod mot tiltak i alle NFFFA-område og NFFF1-område i gjeldande arealdel i kommuneplanen (eigengodkjend 21.06.2012) inntil ny arealdel er eigengodkjend av Kommunestyret i løpet av 2017.**

**PS 61/16 Oversendingsframlegg frå Bernt Brandal FL**



**Formannskapet si handsaming:**

*Saka vart lagt fram utan tilråding!*

*Formannskapet viser til vedtak gjort i PS 60/16*

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

**Viser til PS 60/16.**

**PS 62/16 Naust - Brandal - Klage - Ny handsaming**

**Formannskapet si handsaming:**

*Annika Brandal V, stiller spørsmål om sin gildskap og trer frå møtet.*

*Jenny Helen Korsnes V, trer til som vara.*

**7 voterande**

*Annika Brandal vert samrøystes røysta ugild, jf. Forvaltningslova § 6 e 1.*

**Røysting:**

Tilrådinga fall med 4 mot 3 røyster.

**Vedtak:**

**Tilrådinga fall.**

**PS 63/16 Klage på vedtak om avslag på søknad om dispensasjon frå reguleringsføremaal - Melshorn hotell**

**Formannskapet si handsaming:**

*Truls Håbakk FRP, fremja fylgjande endringsforslag:*

*«Hareid formannskap held på vedtak i PS 52/16, og sender saka vidare til fylkesmannen for endeleg klagehandsaming».*

**Røysting:**

Tilrådinga vart røysta opp mot endringsforslaget: